



Erlend Moen tok bilete av ørneparet som var innom Ljosnes i november i fjor.

Mykje tyder på at eit ørnepar har gjort uskedelingar av seg for godt! Fleire har rapportert til uskedalen.no at det i heile sommar og haust er observert tre ørnar i flukt over delar av bygda.

Dei hekkar truleg i eit bestemt område, men Kvar dei held til bør ikkje offentleggjerast.

Mykje tyder på at det er eit par og ein unge, for nummer tre er klart mindre enn dei to, seier dei som har studert ørnefamilien i kikkert.

Havørn i Uskedalsområdet er ikkje noko nytt. Seinast i november i fjor var eit ørnepar på relativt nærgåande visitt på Ljosnes og dei var så nær at dei nesten hadde floge inn gjennom vindauga til familien Moen. Truleg var dette det same paret som har vore å sjå i den seinare tid.

Eit rykte går ut på at det har forsvunne både kattar og kaninar på uforklarleg vis i det siste og nokon knyter dette til ørnane. Men dette er slett ikkje bekrefta.

Av Ola Matti Mathisen